

ÅRSMELDING 1985 FOR VALDRESKVELVEN SPEL- OG DANSARLAG

Årsmøtet på Haukåsen 15. januar 1985 samla 22 av lagets 52 medlemmer. Dei valde dette styret for 1985:

Leiar : Nils Rogn
Nestleiar : Steinar Grøv p.v. - 1986
Kasserar : Kari Hagaseth p.v.
Skrivar : Nils Leine p.v.
Styremedlem: Ola Norvald Hagen
Varamedlem : Elisabeth Sparstad og Ingebjørg Haugen + Eivor Hauken

Revisorane våre - Knut Hemsing og Arvid Jac. Myhre - vart attvalde. Ny valnemd vart Geoline van Kuyk, Kari-Birgit Lien og Ola O. Wangensteen.

Styret har i meldingsåret hatt fem styremøter. Medlemmene har fått tilsendt to rundskriv med informasjon om våre aktivitetar. Ved årsskifte hadde laget 50 betalende medlemmer - to færre enn året før.

Så over til litt om kva me har fått utretta og vore med på i året som har gått. I januar klemde me i gang att med gamaldansstafetten. Spelgruppa i laget sytte for musikk i Øye, på Vennis, i Høre og i Vang utover våren. Og det var bra fram møte og stor stemning alle stader. Moro er det også at springaren er populær desse kveldane.

Også dette året arrangerte me spel- og dansefest i Hugali. Alle spel- og dansarlaga i Valdres var inviterte, men diverre var det få utanbygds som kom. Kollisjon med andre arrangement samt sterk kulde får ta litt av skulda for det. Men dei meir enn 30 kalde gradene til tross, heile 53 møtte fram.

Ein gamal tanke om ei samspelgruppe vart elles realitet tidleg på nyåret. Teaterlaget skulle ha underhaldningskveld uti mars, og ba om litt "ny" underhaldning frå oss. Dette var det nødvendige puffet, og sju interesserte kom i lag til øvingar. To songarar, to feler, trekkspel, kontrabass og fløyte var samansetningen, og resultatet vart sær bra. Etterspurnaden var stor både når det gjeld denne gruppa, og gamaldansmusikk generelt. Me har såleis spelt til underhaldning og dans på årsmøte i Vang Ysteri, møte i pensjonistlaget på Åsvang, underhaldningskveld med Vang Teaterlag på VBU, opninga av samfunnshuset på Åsvang og årsmøte i Valdres Historielag i tillegg til dei andre særskild nemde arrangementa.

Dei mange speloppdraga gjorde elles til at me tidleg på nyåret fann tida inne for å investere i lydutstyr. Forsterkar, mixar, høgtalarar, mikrofonar m.m. vart innkjøpt, og er med vekslende hell nytta på fleire tilstelningar. (Teknikar må tilsetjast!).

Ei sak som me tok opp i styret på nyåret var folkemusikken og skulen. Me sende brev til skulestyret der me ba om at folkemusikk og folkedans/gamaldans måtte bli eit valfagtilbod i ungdomsskulen. Me fann det også naturleg at desse tradisjonane burde gå inn som ein naturleg del av fag som musikk, kroppsøving og heimstadsle, og såleis gje impulsar til samtlege elevar. Skulestyret stilte seg positive til utspelet, men det einaste som har skjedd sidan er ein forespørsel frå Åsvang skule om eit to-tre timars opplegg for barneskulen der. Dette arbeider styret med i desse dagar, og håpar å presentere eit opplegg om ikkje alt for lenge. Me ser dette arbeidet som sær viktig for rekrutteringa til miljøet, og frå hausten blir det ei folkemusikkline på Fagernes vidaregåande skule som vil trenge elevar framover.

3. mars inviterte me til spelemannstreff på Mjøsvang. Me hadde då besøk av stor-spelemenn frå vest, Knut Hamre og Leif og Steinar Rygg. Dei samla 20 av dalens spelemenn, av desse var seks under 15 år. Om kvelden samlast me til konsert på Åsvang. Her gav dei tilreisande spelemennene innblikk i speltradisjonar ved bryllaupa på

Vestlandet i eldre tid. Kvelden vart avslutta med solid dansespel frå 20-25 spelemenn.

I mars kom også Opplandsradioen på besøk. Dei gjorde opptak av i alt 10 melodiar, av desse var fire gamaldansar (heile laget), to springarar (Andris A. Dahle og Ola Grihamar) og fire folkeviser (spel- og songgruppa).

Lokalkappleiken dette året var på Fagernes. Her var seks av våre folk frampå både i spel og song. Gledeleg er det å sjå at såpass mange unge utøvarar vågar seg.

Laget hadde måndagen som fast øvingskveld i heile vårhalvåret. Annakvar gong var Trygve Bolstad med og instruerte dei yngste. I alt var 15-16 meir eller mindre innom på desse kveldane. I lag med Friundervisninga heldt me kurs i springar. Her var Knut Steinsrud instruktør, og i alt 14 deltok. I halling hadde me fire dansekveldar som oppvarming til kappleiksesongen. Me var elles med på Ungdomskveld i Øystre Slidre i april og dansa halling, og på årsmøtet i Friundervisninga stilte fem ungdomar opp med springar, halling og godt felespel. Nemnast spesielt må Finn Erik Gustavsen som synte fram hallingdans på eit stemne i Sverige i sumar.

I lag med Øystre Slidre spel- og dansarlag arrangerte me 24. mai spelemannstreff på Heggnes Motell. To heidersgjester hadde me denne kvelden: Boye O. Wangensteen og Andris A. Dahle som nyleg hadde runda 70 og 60 år.

På landskappleiken på Otta hadde me med ein utøvar i klasse C, Ola Norvald Hagen. Han gjorde ein sær god innsats med "Andrishallingen" og "Den som styggen plystra.." I tillegg var han med på Ungdomskonserten. Ola har elles vore ein god representant for laget på fleire kappleikar og andre tilstelningar. I lag med fleire andre valdrisar var også han i Sverige denne sumaren. Og 21. juli kunne me høyre han i Folkemusikkhalvtimen.

20. juli var det stor fest på VBU i samband med at ei gruppe tyske ungdommar kom til bygda. Laget vårt sto sentralt når det gjaldt presentasjon av lokal kultur, og i tillegg hadde me fått oppover Engebret Ringen, Bente Ingholm og Trygve Bolstad.

På Jørn Hilmestemnet deltok fleire frå laget, og som vanleg spelte me til dans på Slidrehuset sundagskvelden.

Speløvingane tok til att 30. september, og Trygve Bolstad har vore med og teke seg av dei yngste/nybyrjarar også denne hausten. I toraderspel vart det kurs med Arne Hagerup som lærar. Her har sju spelarar vore med - alle kvinner. Hallingdansen har stått på programmet også denne hausten, og 5-6 gitar har vore med - tre av desse frå Slidre. I tillegg har song og spelgruppa hatt øvingar, no med innslag av nye instrument som saksofon og gitar.

19. oktober skipa me til medlemsfest på Mjøsvalg Motell. Omlag 40 deltok. Måndagen etter, 21. oktober, var me med Vang Folkeakademi, Vang Mållag og Åsvang Husmorlag og arrangerte eit møte med diktaren Jan Magnus Bruheim. Kvelden var samstundes opning av gamaldansstafetten. Nok eit samarbeidsarrangement vart det 27. november. Vang Folkeakademi, Vang Mållag og Bibliotekstyret var med og laga i stand bok- og platekveld. Me hadde besøk av Elisabeth Kværne og Edvard Elsrud. Elisabeth har nyleg gjeve ut ei kombinert plate/bok med/om langeleik med mykje stoff frå Vang. Elles var me med og underheldt på "bunadmøte" som Åsvang grendeutval arrangerte 20. november. Like før jul deltok spreke halling- og springardansarar på yngretreff i Øystre Slidre. Nokre av dei yngste felespelarane våre var med og lèt. Gløymast må heller ikkje julebordet åt Vang ul. for der spelte me til dans.

Me har lagt nok eit godt arbeidsår bak oss. Med god økonomi og aktive og interesserte medlemmer ser me fram til det neste.

Øylo 13. januar 1986

Nils Rogn